



# ÅRSMELDING 2016

# Årsmelding frå leiar

Som leiar for KJSFL, vil eg takke alle ivrige medlemer for innsatsen i 2016! Sjølv om aktiviteten i styret har vore middels dårlig, med kun eitt avholdt styremøte, har det likevel vore grei aktivitet i undergruppene, noko årsmeldingane viser. Slik har trenden vore dei siste åra. Som organisasjon har vi nokre utfordringar som eg håper det nye styret løyser snarleg. Då tenker eg i all hovudsak å få til meir samhald i styret, der vi kan være fleire om dei ulike oppgåvene som melder seg.

## Litt om aktiviteten i 2016:

**Leirduebanen** vart dessverre råka av flaum heile sesongen. Sjølvsagt veldig trasig, både for laget, og alle som har nyttet seg av tilbodet. No er kraftstasjonen i orden og vassmengda i Midthølen stabil, så vi satsar på stor aktivitet når våren kjem!

**Innkjøp av nye båtar.** I 2016 vart det søkt midlar frå fiskefondet i kommunen, til innkjøp av ny båt i Urdabotn, samt ein «mobil» båt til bruk i andre vatn. Søknaden vart gledelig nok innvilga med 35000kr! Båtane er allereie kjøpt inn og står på lager i Herøysund. No gjenstår bare arbeidet med å frakte ny båt opp til Urdabotn og få ned den øydelagde.

**Samarbeid med Sportsfiskaren.** Gjennom året har Kjsfl vore i kontakt med Sportsfiskaren, om samarbeid rundt Oppsangervatn. Det er svært gledelig at laga prøver å få til eit samarbeid!

**Blådalshytta** står ferdig, og er eit fantastisk utgangspunkt for både jakt, fiske og friluftinntresserte! Arbeidet med utfisking er i gong, og eg håper vi får fleire med!

Leiar KJSFL

Jarle Bruntveit

## Årsmelding 2016 – fiskeutvalget

Fiskeutvalget i Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag har i 2016 utført oppgåver innan fiskekultivering og arrangement for born.



Fiskekonkurranse for born i Grønaviksvatnet i samband med opninga av Blådalshytta 28.08.2016

## **Urdabotnvatn**

Det har ikkje vorte gjennomført utfisking eller prøvefiske i Urdabotn denne somaren. Båten som har vore brukt i vatnet ligg fortsatt der som vrak. Ny båt er innkjøpt av laget, og planen er å få denne inn til somaren 2017.

## **Grønaviksvatent**

Kjsfl har støtta arbeidet med Blådalshytta gjennom eit økonomiske bidrag, ei bålpanne, ei fiskestang og fire garn som skal brukast av gjestane på hytta. Garna har vore nytta til utfisking somaren 2016, og om lag 300 aurar (gj. snitt vekt ca 100 g) er fiska ut av Kjsfl. I tillegg kan andre som har brukt garna teke ut ytterlegare fleire fiskar. Det vart oppmoda til at alle besøkande nyttar garna og at dei rapporterer fangsten i ei bok som er lagt igjen i hytta.

I samband med opninga av Blådalshytta 28.08.16, var Kjsfl til stades og arrangerte ein fiskekonkurranse for born. Om lag 10 born var med flotte premiar vanka for tre vinnarar.

## **Genbank Hardanger**

Arbeidet med å samle inn fisk til genbankarbeidet hadde oppstart hausten 2015. Prosjektet vil gå over fleire år og har til hensikt å samle genetisk materiale frå viktige elever i Hardangerfjorden. Innsamlingsarbeidet er dugnadsbasert, og Kjsfl har delteke i dette arbeidet.

Dette arbeidet vil fortsetja i fleire år framover og dugnadsbehovet er stort. Dette kan og vere eit viktig arbeid som kan brukast i rekrutteringssamanheng.

## **Økonomi**

Fiskeutvalet har hatt utgifter på kr 2055,- til innkjøp av garn og garnline i 2016. Pr. 01.01.2017 har utvalet kr 7096,34 på konto.

## **Materialliste for fiskeutvalet**

<b>Utstyr</b>	<b>Lokalisert</b>
12 stk fiskestenger	Leif A. Roksvåg
22 garn	Leif A. Roksvåg
1 flytevest	Leif A. Roksvåg
2 stk ryggsekker	Leif A. Roksvåg
1 gummibåt	Leif A. Roksvåg

1 aluminiumsbåt (vrak)	Urdabotnvatn
1 elektrofiskeapparat	Jarle Bruntveit
2 fiskegarn	Jarle Bruntveit
2 hovar	Jarle Bruntveit
1 lavvu med bunnduk	Jarle Bruntveit
1 påhengsmotor 4 hk	Øystein A. Ynnesdal
1 fiskenot	Øystein A. Ynnesdal
1 isbor	Øystein A. Ynnesdal

## Plan for 2017

- Rekrutteringsarbeid: arrangere “fiskesomar” eller tilsvarende opplegg for born (det er søkt om tre arrangementsdagar: 11.06., 18.06 og 06.08.).
- Utfiskingsarbeid i Grønaviksvatnet og Urdabotn (forutset at vi får inn ny båt).
- Lansering og reklame for gratis fiskekort i for utmarksrådet til Omvikdalen grunneigarlag.
- Fellesarrangement med Sportsfiskaren i Kvinnherad.
- Leggje ut båt i Brandvikvatnet.
- Dugnadsarbeid i Genbank Hardanger.

# KVINNHERAD ETTERSØKSLAG

## Årsmelding Kvinnherad Ettersøkslag 2016

Styret i 2016 har bestått av:

Kai Esten Dale  
Harald Risnes  
Anita Lie  
Klara Bakke  
Jan Tommy Skår


Leiar/skrivar

Kasserar

Ettersøkslaget har lagt bak seg eit aktivt år. Antal ettersøk under jakt er relativt stabilt. Antal ettersøk etter påkjørt hjortevilt har auka mykje samanlikna med 2015.

Det har i 2016 vore 49 (49 i 2015) jaktvald/jaktag tilslutta laget og desse har til saman hatt 552 (618 i 2015) fellingsløyve på hjort og rådyr. Laget har gjennomført 19 (17 i 2015) ettersøk i jaktsamanheng. 5 (4 i 2015) av dyra vart funne daude/avliva. Ettersøkslaget har hatt avtale med same antal vald i 2016 som i 2015, men antal løyper er redusert i forhold til 2015. Det er utført ettersøk på 2 rådyr i forbindelse med jakt.

Det har vært rimeleg roleg under jakta med tanke på ettersøk. Det har vært ein del søk i periodar utan at det har vært mange søk samstundes slik det har vært enkelte år tidlegare. Antal søk under jakta held seg ganske stabilt, det har variert mellom 15 og 20 søk i året sidan 2009.




Figur 1: Statistikk trafikkettersøk

I forbindelse med påkjørslaer har laget utført 39 ettersøk (25 ettersøk i 2015), 7 (6 i 2015) av desse var rådyr. 9 dyr vart funne døde (5 funne i 2015), 2 av desse var rådyr. 7 dyr vart funne og avliva (6 dyr funne og avliva i 2015), av desse var 1 rådyr. 3 dyr vart funne og friskmeldt. 19 av dyra vart ikkje funne.

## KVINNERAD ETTERSØKSLAG

Det har vore ein relativt stor auke i antal påkjørslar i 2016 samanlikna med 2015, ein auke på 56%. Antal påkjørslar byrjar å nærma seg nivået for 2012-2013. Tal på felte dyr har auka med 163 dyr til 1019, det nærmar seg nivået for 2013. Auken i antal felte dyr kan tyda på at det er meir hjort og at det av den grunn medfører auke i påkjørte dyr.



Figur 2: Statistikk jaktettersøk

Laget har for jaktsesongen 2016 ikkje kunna tilbytt ettersøksavtalar i områda Hatlestrand/Ølve og Varaldsøy.


Tore Vikane Eide har bistått Ettersøkslaget i 2016 ved behov. Han deltek ikkje på fast vakt men me har muligkeit for å ringe han ved behov. I tillegg så har me fått ein ny ettersøksekvipasje på Hatlestrandsida, Svein Gunnar Haavik. Han deltek heller ikkje fast på vakt, men fungerer som ringevikar. Laget har styrka kapasiteten på nordsida av fjorden, noko som er veldig positivt..

I 2016 har Ettersøkslaget hatt 10 aktive ettersøksekvipasjar. Desse ekvipasjane har delt på vakta i løpet av 2016. Antal ekvipasjar som deltek på vaktordninga held seg rimeleg stabilt, det er noko sirkulasjon ved at nokon går ut av vaktordninga og nye kjem til. Ved inngangen til 2017 er det 10 aktive ekvipasjar som står på vaktlista.

Laget har ei god fordeling av aktive ettersøksekvipasjar der fleire no er lokalisert i indre del av kommunen. I tillegg så har laget 2 aktive ekvipasjar på Hatlestrandsida av fjorden, noko som er positivt. Laget kan med fordel rekruttera medlemmer som er lokalisert i yttergrensene av kommunen. Ettersøkslaget har i dag 8 ringevakter, ekvipasjar som ikkje deltek på vaktordninga men

## KVINNERAD ETTERSØKSLAG

som kan kontaktast ved behov. Dette er ein stor fordel for laget, då er det fleire som kan utføra søk sjølv om dei ikkje står på vaktlista. Me vil oppmora alle til å nytta seg av desse slik at dei får erfaring.



Figur 3: Tildelte løyver, felte dyr, antal ettersøksavtalar og ettersøk

ØKONOMI: Ettersøkslaget har pr. 31.12.2016 kr. 24 158,- på konto. Dette er ca. kr. 32 000,- mindre enn på same tidspunkt i fjor. Drifta av laget har gått med eit underskot på ca. Kr 31 500,-.

Hovudgrunnen til dette er innkjøp av termokamera som vart betalt i 2016. Midlane stod på konto i 2015, men utgiftene er rekneskapsført i 2016. I tillegg så har ettersøk på trafikkskadd hjortevilt gått med eit underskot på ca. Kr 16000,-

Ettersøkslaget har søkt viltfondet om midlar til innkjøpt av refleksvestar og hovudlykter. Søknaden vart innvilga med kr. 15000,-. Det er kjøpt inn nye refleksvestar og hovudlykter for midlane.

Laget har ein brukbar økonomi, underskot på trafikkettersøk kan laget søkja om å få dekkja av viltfondmidlar. Ettersøk under jakt må me dekkja med inntektene frå ettersøksavtalane.

AKTIVITETAR: Det har vært halde 4 styremøter i løpet av året.

Det har ikkje vært arrangert medlemsmøte eller andre medlemsaktivitetar i løpet av 2016.

## KVINNHERAD ETTERSØKSLAG

Ettersøkslaget har hatt bevegeleg blodsporprøve og bevegeleg fersksporprøve terminfesta i perioden 1. juli 2016 t.o.m. 30. oktober 2016. Det har delteke 3 ekvipasjar på blodsporprøven. Det har ikkje delteke nokon ekvipasjar på fersksporprøve. Det har vært lite pågang for å gå prøvar dette året. Laget har søkt om bevegelege prøvar i same tidsrom for 2017.

Det er innført nye reglar angåande ettersøk for det offentlege , ekvipasjar som utfører ettersøk for det offentlege må ha gjennomført og bestått kurset "Ettersøk vidaregåande". Regelverket gjeld frå 1. April 2016. Det er ein overgangsordning som gjeld for avtalar inngått før 1. April 2016, desse vil gjelda fram til 31.mars 2018. Då må samtlege ekvipasjar ha gjennomført kurset eller framleggja dokumentasjon på at det er gjennomført. Ettersøkslaget vil bidra til at alle som skal utføra sørk på trafikkskadd vilt for Kvinnherad Kommune får gjennomført kurset.

Innan 31. Mars 2018 må alle som skal utføra ettersøk for kommunen (trafikketersøk) ha gjennomført kurset "Ettersøk vidaregåande" eller ha framlagt dokumentasjon på gjennomført kurs. Ettersøkslaget vil søkja viltfondet om midlar til å dekkja kursutgiftene til dei som deltek på ettersøk etter trafikkskadd hjortevilt.

Det vert jobba med å få alle som ikkje har kurs til å få gjennomført dette innan 1. April 2018. Samstundes vert det jobba med å innhenta dokumentasjon frå dei som allereie har gjennomført kurset.

### VAL I KVINNHERAD ETTERSØKSLAG

Kai Esten Dale	Styremedlem	På val 2 år
Jan Tommy Skår	Styremedlem	På val 2 år
Klara Bakke	Styremedlem	Ikkje på val
Harald Risnes	Styremedlem	Går ut. Må veljast ny for 1 år
Anita Lie	Styremedlem	På val 2 år

Blant styremedlemmane skal det veljast leiar og kasserar, begge for 1 år.

Leiar	Kai Esten Dale	På val 1 år
Kasserar	Harald Risnes	På val 1 år

Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag stiller med medlem og varamedlem til Hjorterådet. Etter ønske frå leiar i KJSFL vil han at desse kjem frå ettersøkslaget.

Leiar ettersøkslag	Medlem	På val 1 år	Tar attval
Atle Helland	Varamedlem	På Val 1 år	Tar attval

For styret  
*Kai Esten Dale*

Kai Esten Dale  
-leiar-

## Årsmelding Jaktutvalet 2016

**Gruppa har bestått av:** Leiar Trond Reime, Jarle Bruntveit, Øystein A. Ynnesdal, Thomas Fredlund, Anve Ljone Gausvik, Knut Arne Haga og Håkon Gabrielsen.

### **Blådalsområdet:**

Rapportering: Sjå vedlegg.

Sal: Sjå vedlegg.

### **Husnesområdet:**

Rapportering: Sjå vedlegg.

Sal: Sjå vedlegg.

**Oppsynet har bestått av Trond Reime, Jarle Bruntveit, Thomas Fredlund, Knut Arne Haga, Anve Ljone Gausvik og Håkon Gabrielsen.**

**Vi har hatt felles oppsyn der vi har delt oss opp og fordelt oss innover Blådalen på parkeringsplasser folk pleier og starte jaktturen sin. Vi har også sjekket folk vi har møtt på jakt. Inntrykket er at de aller fleste kjøper seg kort for å gå på jakt i Blådalen.**

**Bankkonto:** Jaktutvalet 3460.12.34884 saldo per 31.12.2016 er : 14698kr

Blådalen 3460.13.12796 saldo per 31.12.2016 er : 13441kr

Knut Arne Haga har tatt 3 stk mår i blådalen, kjempe bra jobba !!

**Materialliste:**

1 stk. Lavo med bunnduk (kj.1995) Øystein A. Ynnesdal

10 stk. Lokkeender (kj.2004) Trond Reime

5 stk. Skyteskive (kj.2004) Øystein A. Ynnesdal

1 stk Revefelle (kj.2015) Jarle Bruntveit

1 stk Revefelle (kj.2015) Knut Arne Haga

1 stk Icom jaktradio (kj.2012) Trond Reime

1stk Icom jaktradio (kj.2012) Øystein A. Ynnesdal

2 stk Mårfeller (kj.2011) Øystein A. Ynnesdal

10 stk Mårfeller (kj.2011) Knut Arne Haga

8 stk Mårfeller (kj.2011) Trond Reime

2 stk Mårfeller (kj.2011) Lars Henrik Skogtun

5 stk Mårfeller (kj.2011) Jan Tommy K. Skår

1 stk Viltkamera/mms (kj.2014) Knut Arne Haga

Leiar Jaktutvalet

Trond Reime

## Årsmelding Studiegruppa 2016

Vi har halde 1 jegerprøvekurs i 2016(Husnes/Rosendal). Kurset hadde 29 deltagara.

Kurset vart halde av Terje og Øystein. Håkon og Jarle var med på skytedagen.

Matrialliste:

1 stk Garmin gps	(2005)	Jarle Bruntveit
2 stk Rifler Remington/med kikkerts.	(2012)	Øystein A. Ynnesdal/Jarle Bruntveit
1 stk Lyddemper rifle	(2012)	Øystein A. Ynnesdal
1 stk salonggevær kal 22 lr	(før 1990)	Jarle Bruntveit
1 stk prosjektor	(1995)	Øystein A. Ynnesdal

For Studiegruppa

Øystein A. Ynnesdal